

## Bryllaup

Ina, Sam og onkel Ola set seg i seta i tidsmaskinen.

Ina snurrar på tidshjulet. Tidsmaskinen snurrar.

Sovepulveret blir spreidd ut, og alle tre sovnar.

Når dei vaknar, står det «St. Paul's Cathedral. År: 1981» på tidsskjermen.

«Kvifor har vi hamna her?» spør onkel Ola.

Ina seier at i 1981 gifta Lady Diana seg med Charles, prinsen av Wales. Det var eit romantisk bryllaup.

«Æsj, kliss og kjærleik», seier onkel Ola.

Dei går ut i gata, og ser prinsesse Diana på kyrkjetrappa.

Kyrkja heiter St. Paul's Cathedral.

«Det er to bokstavar denne gongen!» seier Ina.

«På vogna til Diana står det ENgland. EN er bokstavane til løysingsordet!»



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 120.

Gjer oppgåve 1.